



Fra Gevingåsen

Herborg Engen

Fra Gevingåsen til Levanger.

Av Einar Hammer.

Få bygder i Trøndelag har hatt så stor ferdsle gjennom dei skiftande tidene som bygdene mellom Gevingåsen i sør og Levanger i nord. I den eldste sogetida gjekk ferdsla truleg utanom desse bygdene, med di at fjorden vart mest nytta til ferdselsveg, både av dei som skulle til tings på Frosta, og av dei som gjorde pilegrimsferd til Nidaros.

Men så snart ferdsla vart lagt til landjorda, vart desse bygdene den naturlege gjennomgangen sør—nord. Ferdsla var nok til sine tider nokså stor, då bygdene ligg mellom to namngjetne marknadstader, Levanger med sin førejulsmarknad og marsimarknad og Trondheim med sin St. Hans-marknad. Mange er dei menneske og hestar som har traska og slite seg fram etter vegane, anten

vegane gjekk her eller der. Ein finn merke etter fleire vegomleggingar.

Det kritiske punktet i ferdaruta Stjørdal—Levanger var nok Langstein. Der gjekk berget stupbratt i sjøen. Den fyrste vegleida gjekk difor fram til fjorden ved garden Sve på Skatvalslandet og så med båt over til garden Ness i Åsen. Der ber den dag i dag ein gardpart namnet «Ferrimann». Ein kom då opp Brann dalen, der riksvegen Åsen—Frosta no går.

Seinare vart vegen lagt opp i berga ved Langstein. Ein kom då opp Vududalen der riksveg 50 no går. Men ein fylgde sjølv sagt ikkje dalbotnen som ein no gjer. Fyrste stykket gjekk vegen på søraustre sida av riksvegen og kryssa så dalen og heldt fram på nordvestre sida til ein kom opp i flatbygda.

Slik som bygdene mellom Stjørdal og Frol ligg, midt i det sogerike Trøndelag, er det greidt at saga har rita sine klåre og sterke runer her. Gardnamn og andre sogeminne vitnar om eldgamal busetnad og samlingsstader. I desse bygdene finn ein gardnamntypar som er mellom dei eldste i landet. Av gamle, meire skjönelege, namn finn ein slike som Haave og Vang både i Stjørdal, Åsen og Skogn.

Av andre sogeminne kan ein nemne bergskurden (helleristningar) på Hell i Lånke, på Oppauran, Røkkesaunet og Arnstad i Skatval og på Okkenhaug i Frol. Bronsealderfolket har her late etter seg minne som er vanskeleg å skjöne fullt ut, men verdfulle som livsteikn frå folk som øvde si gjerning her for fleire årtusen sidan. Ein får ta dei som helsingar frå eldgamal fortid til oss som strevar her i dag.

Av sjåverdige minne frå seinare tid har ein fleire. Dei fleste er vel tolleg godt kjende. Men sume bør ein likevel nemne.

Ein har no for det fyrste Værnes kyrkje, ei av dei vakraste i landet. Ho skal vera bygd på 12-hundretalet som fylkeskyrkje for Stjørdøla fylke. Den sers vene altartavla er frå 13-hundretalet. Vakert ligg denne kyrkja ved Stjørdalselva. Trygg har ho lege der i fredeleg og ufredelege tider, alltid budd til å ta i mot folket, i sorg og i glede, til vanlege gudstenester og til kyrkjelege høgtider. Alle som fer framom, bør ta seg tid til ei vitjing i kyrkja.

I Skatval har ein den kjende garden Fløan. Her skal ein trønderhovding ha late livet. Soga fortel at det var her inne Gunnhildsønene brende Sigurd Håkonson Ladéjarl inne. I 1926 vart det avdekt ei stor branntuft på Fløan. Dette skulle vel sannkjenne den skrivne soga.

Mest kjend mellom sogeminna her er likevel borgruinane på Steinvikholm. Denne renessanseborga er bygd av erkebiskop Olav Engelbrektson i 1530-åra. Steinvikholm ligg vakkert til nedanfor dei grøderike Skatvalsstrendene. Ruinane gjev eit godt bilete av korleis borga er bygd — både over og under jorda. Fengslet ligg ikkje mindre enn 4 m. under tunet. I dette fengslet vart Her. Nils Lykke røykt ihel julekvelden 1535.

I Åsen har ein, så vidt ein veit, ingen sogeminne som knyt seg til rikssoga. Men ein må nemne at det var her inne, på garden Lo, at Lokyrkja stod. Ho vart i si tid nytta til gudsteneste for bygdefolk og fiskarar. Kyrkja vart nedlagd, og kyrkjehuset vart seld og hamna på Saltøya ved Langstein som bryggje og sjøhus. Kyrkjehuset vart seinare flutt til museet på Sverresborg ved Trondheim. Kyrkjetufta på Lo ligg vakkert til ved Lofjorden. Denne fjorden er elles kjend både frå førre og denne verdskrigen.

Gardane Vang og Hove var vel sentrum i bygda i sogetida. Gardane er grannegardar, men ligg på kvar si side av Fossingelva. På Vang stod soknekyrkja for Åsen til ho i midten av førre hundreåret vart flutt til Vedul.

Skogn har heller ikkje mange store sogeminne. Men ein har då ståande og i bruk den gamle fylkeskyrkja for Skeyna fylke. Kyrkja er bygd på 12-hundretalet. Det er ei ærverdig kyrkje som ligg uvanleg vakkert til med utsyn utover den breide fjorden og innover dei grøderike bygdene.

Tett innmed kyrkja ligg ein av dei største gravhaugane nordanfjells. Her skal hovdingen Ølvir vera gravlagd. Han er det òg som har gjeve staden namn (Ølvishaugr — Alstadhaug). Ved kyrkja er det òg eit lite bygdemuseum som det løner seg å sjå.

På Levangerneset, ved den idylliske Eidsbotn, ligg Staup hagebruksskule. Folk med interesse og sans for fargerikdom og fruktbart vekstliv bør nytte høvet til å sjå seg om der. Skulen ligg heilt

ideelt til i sørhallinga, med utsyn over Levanger, Skogn og Frol med den smilande fjorden rett nedanfor.

I Frol har ein ei gamal bygdeborg. Det er på Halsstein ved Halsan. Ein ser den dag i dag tydelege murrestar etter borgmuren og mura rom innanfor borgmuren. Det sogeminnet som er mest kjend i Frol, er vel ruinane etter klosterkyrkja på Munkeby kloster. Dette klosteret låg noko bortgøymd eit stykke oppe i bygda nede ved Levangerelva. Av kyrkjemurane står mykje att, og det løner seg å ta ein tur dit opp.

På andre sida av elva, rett over for klosteret, har ein eit interessant minne om møtet mellom heidendom og kristendom. Det er på Munkerøstad. På same flata og tett innpå kvarandre ligg det gravhaug i gravhaug og grav i grav. Etter folket vart kristna, flytte dei gravplassen berre litt lenger mot nord, og dei knytte på denne måten samband mellom ei gamal og ei ny tid.

Som før nemnd, finst det på Okkenhaug interessant bergskurd. Elles er sjølve gardsnamnet Okkenhaug merkeleg. Det finst ikkje fleire gardar i heile landet med dette namnet. Det er nok gravhaugen som ligg attmed ein av gardane som har skapt namnet, Ukunnrhaugr d. e. (grav-)haugen åt den ukjende.

Dei bygdene ein her har for seg, høyrer vel ikkje med til dei meire kjende turistbygdene. Dei har ikkje det mektige høgfjellet å by på, heller ikkje det ville sundrivne som mange fjordbygder. Likevel — kanskje har desse bygdene noko å by på som dei fleste turistane set pris på. Dei har fager natur i meire avstemde tonar, og det i så rik mon at mange vil seie at det er noko av det fagraste vi har. Til dette kjem at det som desse bygdene har å by på, er tilgjengeleg for folk i alle aldrar, og med all slag kondisjon. Ein treng inga sertrening føre ein tur til desse bygdene. Bane, båt og bil går langs med og gjennom desse bygdene. Dei gjev òg rikt høve til sykkelurar og stuttare fotturar. Ein kan nytte både fjell og sjø. Men det gjeld her som elles. Mykje kan ein få med med å fylgje dei vanlege ferdselsårene. Men det vakraste og mest interessante får ein

utanom. Det er avstikkarane som gjev dei rikaste opplevingane, som i livet elles. Det gjeld om ikkje å ha det for travelt.

Ein skal så freiste å gje nokre døme på lette og stutte, men sers fine turar som det er høve til å ta. Ein gjer ikkje krav på at alt kan bli med. Det får bli som ein liten smakebit. Elles kan ein no granske kartet. Ei god hjelp vil ein òg ha i Reiseboka som Nord-Trøndelag Turistforening gav ut i 1938.

Så tek ein til med Stjørdal og Skatval. Ein tenkjer seg at ein står på Hell eller Stjørdal stasjon. Vil ein berre late seg, kan ein berre slå seg ned. Her er sjøbad, teltplassar og høve til overnatting. Men vil ein ut i landet, kan ein ta opp til Hegra. Ein fer då langs med den vakre Stjørdalselva. Er det ein godverskveld med litt liv i laksen, kan ein nok få sjå at kongen mellom fiskane leikar seg i dei stille hølane. Vil ein lenger, kan ein ta opp til Skjelstadmarka, og derifrå over fjellet til Åsen eller ned til Skogn markabygd. Både i Skogn markabygd og i Åsen er det lett tilgjenge både til riksveg og bane. Turen over fjellet gjer ein på 4—5 timar. Ein fer framom fleire fiskerike vatn med sætrar og fjellgardar. Ruta er greid å ta seg fram etter og går for det meste i lågfjell.

Frå Stjørdal kan ein òg ta utover Skatval, anten langs sjøen, der det er godt høve til sjø, teltplassar og overnatting i hus, eller ein kan fylgje riksvegen innover. Frå Tiller gard går veg ned til Steinvikholm. Rett opp for Skatval kyrkje har ein Forbordsfjellet, godt 600 m. o. h. Dette fjellet er ikkje av dei store, men gjev eit uvanleg fritt utsyn over fjord og bygder. Dreg ein litt lenger, kjem ein til Langstein. Langstein er noko av det vakraste, ja ein kan seie noko av det merkelegaste ein har av natur i Trøndelag. Her har ein eit stykke Vestland midt i breidbygdene — stupbratte fjell ende i sjøen, med yndefulle sletter og vikar i mellom — reint eit Paradis for bade- og teltliv. Sjølvaste Vinje vart merksam på denne staden, då han gjorde turen i 1860.

Frå Åsen er det høve til å ta fleire fot- og sykkelturar. For folk som gjerne vil opp i høgda, må ein peike på Stokkvola, som ligg rett opp for Åsen stasjon. Toppen er rett nok berre godt og vel 500 m. o. h. Men dette fjellet ligg slik til at ein får eit sjeldan fint utsyn. Ein ser utover «fagre fjord og bygder», og lengst i aust blå-

nar grensefjella. Vakrast er utsynet i solrenningstimen ved midsumarstid. Glodraud stig sola opp av sjøelve Trondheimsfjorden. — Ein kan nytte to vegar om ein vil ta ein tur opp til toppen. Ein veg går rett opp frå stasjonen. Denne er noko bratt, men på ein 2—3 timar er ein oppe. Ein annan veg går om Mossing gard ved vatnet Hoklingen. Denne vegen er ikkje så tung, men tek noko lenger tid, men ikkje lenger enn at ein kan ta med denne turen som tillegg til ein helgatur Trondheim—Åsen, når ein elles nyttar båt, bil eller bane.

Åsen er ei bygd med skiftande natur, og bygda byr såleis på mange vakre parti. Her er vatn, fjell og skogåsar. Eit av dei vakraste utsyn over bygda får ein frå garden Sonstad — omlag rett aust for Hammervatnet. Frå Sonstad ser ein ut over bygda med Hammervatnet som eit langstrakt auge midt i. Frå stasjonen gjer ein fint turen på ein time eller to.

Elles vil ein over alt i Åsen finne rikeleg med teltplassar — ved elvar og vatn eller i idylliske skogholt.

Frå Åsen kan ein koma inn til Skogn etter fleire vegar og ruter. Utanom riksvegen kan ein nytte ein veg som går på sør sida av Hoklingen. Denne vegen går over ei bru mellom Hoklingen og Movatnet i Skogn markabygd, og ein har så veg fram til Skogn stasjon. Denne vegen vil høve godt for folk som nyttar sykkel, og som ikkje berre vil fylgje riksvegen.

I normale tider er det ofte høve til å få skyss med motorbåt inn over Hoklingen og Movatnet, og ein kjem på denne måten fram til Skogn markabygd. Her er det høve til å stikke til fjells. Ein fer då frammed Skognrønningen og kan ta over til Færoset og ned til Meråker. Det er høve til overnatting på sætrar. Frå Skogn markabygd kjem ein lettvent ned til Skogn stasjon. På denne turen har ein eit uvanleg vakkert utsyn frå Sundehøgda.

Frå Ronglan stasjon i Skogn er det høve til å ta ein morosam avstikkar om Ekne. Ein kjem då fyrst fram til Byavatnet. I Ekne fer ein så framom det kjende Falstad. Derifrå kan ein halde fram til Ekne markabygd. Vegen går fyrst gjennom Falstadmarka, men ein kjem så i kontakt med Byavatnet igjen, og her er det mange vakre parti. Ved Markhus gard blir vegen dårlegare, men ein får

godt sykkelen med seg. Lenger ute kjem ein fram til Sundal gard i Åsen, med nedlagd sprengstoff-fabrik. Her i Sundalen er det mange unelege teltplassar. Lendet er noko trøngt, men har eit sers frodig planteliv. Frå Sundalen når ein båtsamband med Trondheim både frå Hopla i Åsen og frå fleire stoppestader på Frosta.

Er ein på Ekne og skal innover til Skogn, Levanger eller Frol, kan ein nytte ein idyllisk veg langs med sjøen og fram til Skogn stasjon.

I Frol har ein òg mange vakre utsyn som ein lettvint når fram til. Dei ligg så nært inn til trafikkårene. Mest kjend er vel utsynet frå Geite gard, som ligg rett opp for Levanger. Det skal vera få stader i Trøndelag, for ikkje å seie i heile landet, som har så vakkert utsyn. Ein ser vidt i kring seg til alle leider. Mest like vakkert er det òg frå bakkane opp for Halsangardane. Her òg har ein eit utsyn av dei sjeldne.

Frå Levanger vil det høve godt å ta opp til Okkenhaug. Frå Okkenhaug går god veg heilt opp til Vulusjøen ved Håskallen, godt 700 m. o. h. I normale tider kan ein køyre med bil heilt fram til Vulusjøen. Det siste stykket etter ny skogsveg. Frå Vulusjøen kan ein ta inn over fjellet til Færoset, og anten ned til Meråker eller på nordsida av Færen inn til Sulsjøane og Kjølhaugane eller ned til Sul i Verdal.

Skjematisk oppstilling av ruter frå Trondheim.

- a. Tog til Hell eller Stjørdal, bilskyss til Skjelstadmarka. Over fjellet til Åsen eller Skogn markabygd. Med tog eller båt (Hopla i Åsen) til Trondheim. 2 dagar.
- b. Laurdag ettermiddag sykkel Trondheim—Åsen. Sundag kveld båt Hopla—Trondheim. Rikeleg høve til småturar i Åsen sundag.
- c. Tog eller båt til Åsen (båt Hopla laurdag kveld), sykkel på sørsida av Hoklingen, over brua mellom Hoklingen og Movatnet, avstikkar til Skogn markabygd og ned til Skogn stasjon over Sundehegda. 1 døger.

- d. Tog til Ronglan — sykkel Ekne—Falstad—Markhus—Sundalen. Båt tilbake anten frå Frosta eller Hopla. 1 dag.
- e. Tog Levanger — bil Vulusjøen — over fjellet til Færoset og ned til Meråker. 2 døger.

Eller frå Færoset over til Sul og med bil ned til Verdal stasjon, tog Trondheim. 2 døger.

Med å rekne seg romelegare tid kan ein ut frå desse grunnrutene få med alt som ein finn sjåverdige av det som er nemnd i dette oppsettet, og meir til. Ein får granske kart og litteratur. Det gjeld for den som vil ferdast i den vakre naturen vår at han ser på seg sjølv som ein som fer på oppdaging. Med å stikke av frå dei vanlege ferdselsårene, der Per og Pål ferdast, vil ein ofte finne perler mellom perlene. Det er ikkje alltid at det fagraeste finst i støvskya frå «Riksveg 50».

Einar Hammer.



Idyll

Astri Mittet